



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Stord Laks AS
Pb 606
5403 STORD

4295

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: 20. 05. 2005 ✓

Vår ref.: NVE 200202597-43 rv/inl

Arkiv: 911-434.2 /044.38 Frugardselva

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Inge Lavoll

57 83 36 65

Stord Laks AS - Oversending av nytt løyve med høve til auka uttak av vatn frå Ådlandsvatnet til settefiskproduksjon - Stord kommune i Hordaland

Vi syner til søknaden Dykkar dagsett 19.08.2003


Vedlagt sender vi løyve med vilkår fastsett i medhald av vassressurslova § 8 til vassuttak frå Ådlandsvatnet. Løyvet kjem i staden for tidlegare løyve dagsett 10.04.2003.

Ei grunngjeving for vedtaket fylgjer av vedlagde notat "Bakgrunn for vedtak"

Vi gjer merksam på at dette løyvet etter vassressurslova gjeld verknader som utbygginga/tiltaket kan medføre for allmenne interesser knytt til vassdraget. Løyvet gjev ikkje heimel til eventuell oreigning av rettar for å kunne gjennomføre tiltaket. De har sjølv ansvaret for å avklare tilhøvet til eventuelle andre private rettar som blir berørt av utbygginga.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Med helsing


Bjørn Wold
avdelingsdirektør


Rune Flatby
seksjonssjef

Vedlegg : Løyve
Bakgrunn for vedtak



Kopi

m/vedlegg:

Stord kommune, Pb 304, 5402 STORD

Fylkesmannen i Hordaland, Pb 7310, 5020 BERGEN

Fiskeridirektoratet, Region Hordaland, Pb 233, 5804 BERGEN

NVE Region Vest, Pb 53, 6801 FØRDE

Fagrådet for Ådlandvatnet/ ådlandsvatnet Fiskelag, v/Per Bergli, Ådlandsvegen,
5416STORD

Oscar Ingebrigtsen, Pb 470, 5403 STORD

Naturverbforbundet Stord, v/Halfdan Wiik, Kyvik, 5414 STORD

Stord jeger og Fiskerforening, v/Vidar Lillevik, Hiljesgjerdet 32, 5410 SAGVÅG



Løyve

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gjeve av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004

vert det gjeve løyve til

vassuttak frå Ådlandsvatnet til produksjon av settefisk

Meddelt: Stord Laks AS

Dato: 20. 05. 2005

Varighet: Uavgrensa

Ref: NVE 200202597-42

Kommune: Stord

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Ådlandsvassdraget

Vassdragnr.: 044

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gjeve av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004, gir Norges vassdrags- og energidirektorat under tilvising til søknadar av 28.06.2002 og 19.08.03, og til vedlagt notat nr. 37/2005 "Bakgrunn for vedtak"

Stord Laks AS

konsesjon (løyve) til bygging og drift av vassuttak frå Ådlandsvatnet, Ådlandsvassdraget, Stord kommune i Hordaland for settefiskproduksjon på følgjande vilkår:

1. Vasstand og vassuttak

Uttak av inntil 6 m³/min kan skje så lenge vasstanden i Ådlandsvatnet ligg over kote 3,33

I tidsrommet 1.10–30.4 kan det, viss vassanden i Ådlandsvatnet ligg over kote 3,70, takast ut inntil 9 m³/min.

Kotehøgden refererer seg til Statens kartverk sitt høgdesystem (kart 1214 IV, M711)

Det skal setjast opp vasstandsmerke ved Frugardsstemmo som tydeleg syner vasstanden. Plasseringa av merket skal godkjennast av NVE.

Vassuttaket skal målast kontinuerleg og det skal førast loggbok som kan krevjast framlagt av NVE eller annan som får tildelt rett til å føre kontroll.

Løyvet gjeld vassuttak i samsvar med produksjonsløyve for settefisk, og kan ikkje nyttast til andre føremål.

2. Bortfall av løyve

Løyvet fell vekk om ikkje arbeidet med utbygginga er starta opp innan tre år frå det er gjeve, jfr. vassressurslova § 27. Det same gjeld om arbeidet deretter blir innstilt i meir enn 2 år. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge ein gong med inntil nye 3 år.

3. Løyvehavaren sitt ansvar ved anlegg/drift m.m.

Den som har fått løyvet (konsesjonæren) skal sjå til at han sjølv, kontraktørar som han måtte bruke og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, ikkje øydelegg naturførekomstar, landskapsområde, fornminne m.m., når dette er ønskjeleg av naturvitskaplege eller historiske grunnar, eller på grunn av området sin eigenart eller naturvenleik. Dersom det ikkje er råd å unngå øydeleggingar, skal det i god tid på førehand meldast frå om dette til rette styresmakt.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige tilhøve, tilsyn m.m.

Godkjenning av planer og tilsyn med utføring og seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som vert omfatta av denne posten er lagt til NVE. Utgifter i samband med dette skal dekkast av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte opplysningar, berekningar og kostnadsoverslag for anlegga. Arbeidet kan ikkje setjast i gang før planane er godkjent. Anlegga skal utførast solid, minst muleg skjemma og skal til ein kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over områder som trengst for å gjennomføre pålegg som vert gitt i samband med denne posten.

Konsesjonæren har plikt til å foreta ei forsvarleg opprydding av anleggsområda. Oppryddinga skal vere ferdig seinast 2 år etter at anlegga er sett i drift.

5. Naturforvaltning

Konsesjonæren plikter etter nærare avgjerd frå fylkesmannen å gjennomføre fiskeribiologiske granskingar og eventuelt sette i verk tiltak for å kompensere for skader på naturleg rekruttering av fiskestammane.

6. Automatisk freda kulturminne

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være eigna til å skade, øydelegge, flytte, forandre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne som hittil ikkje har vore kjent, skal melding om dette sendast til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen med det same og arbeidet skal stansast i den utstrekning tiltaket kan komme i kontakt med kulturminnet, jf lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Tersklar m.m.

I dei delar av vassdraget der inngrepa medfører vesentlege endringar i vassføring eller vasstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge tersklar, utføre biotopjusterande tiltak, elvekorreksjonar, opprensingar m.m. for å redusere skadeverknadar.


8. Kontroll med oppfølging av vilkåra

Konsesjonæren tek ansvar for det som til ei kvar tid måtte bli fastlagt av NVE for oppfølging og kontroll med at oppstilte vilkår blir følgde.

Utgifter med kontrollen erstattast det offentlege av konsesjonæren etter nærmare regler som blir fastsett av NVE.

Alle utgifter knytt til kontroll og tilsyn med oppfølging av ovanståande vilkår eller pålegg gitt med heimel i desse vilkåra, skal dekkast av konsesjonæren.

Ved brot på dei fastsette vilkåra, bestemmingar i lova eller i medhald av lova fastsette vilkår, kan NVE fastsette ei tvangsmulkt på inntil kr. 100.000 pr dag eller inntil kr. 500.000 for kvart brot. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. vassressurslova § 60. NVE kan justere beløpet kvart 5. år.


Bjørn Wold
avdelingsdirektør


Rune Flatby
seksjonssjef